

AKTIVITETSPLAN 2022

NATURVERNFORBUNDET I ØRSTA OG VOLDA

Prioriterte saker

Desse saken vil vi ha fokus på i 2022:

Saker som kjem opp; Høyringar frå forvaltninga, tips frå medlemmer og andre.

Plast (granulat, rundballeplast, kunstgrasmatter) på avveggar, strandrydding.

Fjordfiskstammer og fjordøkologien, oppdrettsnæringa sine utfordringar.

Grønt forum, planlegging og deltaking i samarbeidet.

Hjørundfjorden som UKL- område.

Skånsam kantslått av vegkantar, helst utsett til bløminga er over.

Oppfølging av arbeidet med Volda sin samfunnsdelplan.

Betre kartlegging, og klårare reglar for forvaltninga av olivinskog.

Innspeil til planlegginga av Sunnmørsalpane NP.

Organisatorisk

Medlemmer

Ved utgangen av 2021 var det 183 medlemmer i lokallaget. Vi har eit mål om å ha 200 medlemmer innan utgangen av 2022. Dette skal vi få til ved å gjennomføre følgende aktiviteter:

Arrangere minst to opne «Naturmøte / Naturglede»- tilskipingar

Ein naturgledetur med Liv Åm : Lav, mose og kjuke på tre(stammer)

Fuglekassedag. (i Ørsta i år?)

Delta på Volda- dagen. (publikumsmesse for møte med friviljugsektoren)

Vere synlegare i media. (nytt, eige verv med samfunnskontakt/kommunikasjonsansvarleg)

Økonomi

I år har vi ikkje søkt om pengar for å utføre slått på Barstad. Dette har vore ein fast aktivitet og ei fast inntektskjelde i mange år.

Vi vil søkje penger fra: Sparebank1 Søre Sunnmøre sitt organisasjonstilskot til lokale lag med konti i banken så fort det vert opna for slike søknader etter 15. mars. I snitt kan vi vente 1500-2000 NOK derifrår

Momskompensasjon og grasrottilskot er inntektskjelder vi ikkje nyt godt av før registrering i Frivilligregisteret er ført til endes

I år også har vi fått høg attendebetaling av medlemskontingent frå forbundet sentralt. Vi har hatt ein noko mindre auke i medlemsvokstern jamført med i fjor og får noko mindre attendebetaling trass i høgare medlemstal. Noko mindre løyving kjem nok mest av endring i periodiseringa. Samansettinga av medlemsmassa og kontingenttypa ser ikkje ut til å ha endra seg så mykje.

Forbundet sentralt kan etter søknad gje oss fullfinansiering av «naturgledeprosjekt og -tilskipingar» etter søknad og innlevert rekneskap.

Styret

Styret skal gjennomføre minst 4 møter i 2022.

Vi har vanlegvis halde 4-5 møter. Stiftingsmøte og årsmøteførebudande møte er rekna inn i dette. Annankvar månad har vore vanleg mellomrom. Elles går samarbeidet mellom oss på telefon og e-post.

Miljøpolitisk arbeid

Dei mest aktuelle politiske sakene lokallaget skal jobbe med:

Sjå «Prioriterte saker» (som vi nok ikkje har prioritert godt nok). Her er det nok å ta tak i.

Innspeil frå årsmøtet, noko som ikkje kom.